



Saksframlegg

Innføring av forskrift om hundehald i Fyresdal

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		11.03.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommuestyret

Dokument i saka:

LOV-2003-07-04-74 Lov om forsvarlig hundehold (hundeloven). [Lovdata - hundelova](#)

Vedlegg

- 1 Forslag lokal forskrift hundehald, Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Hundehald er i dag regulert i hundelova, med føremål å «*bidra til å fremme et aktsomt hundehold som ivaretar hensyn til sikkerhet, trygghet, alminnelig ro og orden*».

Lovas § 6. Sikring av hund ved båndtvang m.m har fyljande ordlyd; «*I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade husdyr, tamrein eller villlevende dyr og deres reir, bo eller hi*».

Utanom denne perioden gjeld likevel lovas § 4. Alminnelige regler om sikring av hund. Vilkår for å la hund være løs. «*Hundeholderen skal opptre hensynsfullt. Utenom båndtvangstider kan hunder **bare være løse under tilsyn og kontroll** som i størst mulig grad forebygger og forhindrer skader på eller ulemper for mennesker, husdyr, tamrein, vilt eller eiendom*».

«*Under tilsyn og kontroll*» er for mange eit relativt begrep, og ein ser i mange tilfelle at når alt er som normalt oppfører hunden seg greit, men i møte med andre hundar, ville dyr, bufe på beite, eller menneske, så har i mange tilfelle ikkje hundeeigar kontroll likevel. Då er ikkje hundelova oppfylt. Med ei aukande tal hundar blant folk, aukar også konfliktnivået.

Det er fleire tilhøve som gjer at ein no vurderar utviding av reglane for bandtvang i Fyresdal:

- Hamaren Aktivitetspark/Tretoppvegen er mykje besøkt av folk med hund, og ikkje alle er flinke til å halde hunden i band. Dette gjer det vanskeleg for andre å gå med hund, samt at det gjer enkelte redde for å gå i Hamaren.
- Vi har mykje beitedyr i fjellet, og dei seinare åra har vi sett ei auke i konflikt mellom beitedyr og hundeeigarar som lar hunden gå laus i fjellet.
- Frå tid til ana får vi klager på hundar som går lause i preparerte skiløyper, noko som igjen skremmer barnefamiliar frå å gå skitur i løypene, samt at det er vanskeleg for andre å ha med hund på tur.

For å regulere dette, og gjere det lettare å informere hundeeigarar om rammene dei må forhalda seg til, er det no ynskjeleg å innføre forskrift om hundehald i Fyresdal kommune.

Ulike lag og organisasjonar er bede om innspel til korleis dei ynskjer ei slik forskrift forma, frist for innspel vart sett til 01. mars.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø: Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte, gjennom m.a. å legge til rette for tur og fritid i natur og utmark.

I medhald av hundelovas §6 kan kommunen gje eiga forskrift om at hundar skal haldast i band eller være forsvarleg innestengd eller inngjerda (sitert frå lova):

- a) i og i tilknytning til bustadområde og handleområde
- b) i parkar, på gravplassar, på og ved skular, barnehagar og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon
- c) på og ved bestemt/angjevne turstiar, turvegar, merka skiløyper, leir- og rasteplassar,
- d) i bestemt angjevne andre område på land, i vann eller sjø som er allment nytta som tur- og rekreasjonsområde,
- e) i heile eller delar av kommunen i bestemt angitt tidsrom når husdyr normalt går ute, eller
- f) under ekstraordinære forhold som gjer bandtvang påkrevd for å beskytte viltet.

Med andre ord kan kommunen innføre utvida bandtvang for alle dei tre problemstillingane nemnt innleiingsvis, om ein avgrensar bandtvang til det som er strengt naudsynt for å minimere ulempe det måtte vere for den enkelte å gå med hunden i band.

Det er på det reine at mange hundeeigarar kun forheld seg til den faktiske tida for bandtvang nemnt i lova, og at ein praktiserar eit «frislepp» rett etter opphøyr av bandtvangen. I medhald av §4 kan hunden utanom bandtvangstida kun være laus under tilsyn og kontroll som i størst mogleg grad forebygger og forhindrar skader på, eller ulemper for menneske, husdyr, tamrein, vilt eller eigedom. Det er med andre ord – også utanom bandtvangstid – ikkje lov å sleppe hunden om du ikkje har absolutt kontroll på hunden. «Kontroll» er eit relativt omgrep, og det blir fort eit diskusjon om eigaren har kontroll eller ikkje, i møte med både menneske, bufe og vilt i naturen. Mange tenkjer også at tida med bandtvang er for møte med andre folk; vel så viktig er viltets reir og bo, viltet sjølv, og beitande bufe. Ein laus hund kan øydelegge fuglereir, jage rådyr-killingar, eller skamfare andre ville dyr, også utanom tida med bandtvang.

Lag og organisasjonar er bedne om å kome med innspel til ei korleis ei slik forskrift kan utformast. Fyljande innspel er mottek innan fristen;

Fyresdal Sau og Geit

Fyresdal Sau og Geit ynskjer utvida bandtvang i beiteareal i utmark, i turstiar og på innmarksbeite fram til 15. oktober.

Åsland Beitelag

Beitelaget stør opp om at det kjem på plass ei forskrift om bandtvang i Fyresdal. Beitelaget ynskjer at det vert innført bandtvang i utmark der bufe beitar fram til 01. september, og at det vert innført bandtvang i område der bufe beiter på inngjerda mark fram til 15. oktober.

Fyresdal Turlag

Fyresdal Turlag ser ikkje behov for regulering av bandtvang knytt til turstiar/toppturstiar, eller andre områder, ut over det som allereie er regulert i nasjonal lov om hundehald. Turlaget poengterer samstundes behovet for god og tydeleg skilting i aktuelle område.

Friluftsområde

For å regulere bandtvang i Hamaren ser ein det som føremålstenleg å ha absolutt, heilårleg bandtvang i det som er definert som statleg sikra friluftsområde; Klokkehamaren og Bryggeparken. Då vil ein trygge folk som er skeptiske til hund i utgangspunktet, og ein kan lett informere om at det her er eit generelt forbod, heile året, mot å gå med hunden laus. Dette vil også gjere det lettare å snakke med/til turgåarar som har hunden laus, når ein har eit klokkeklart regelverk å forhalda seg til.

Beitedyr i fjellet

For å skåne beitedyr i fjellet, og minimere konflikten mellom hundeeigar og bufe, ser ein det som føremålstenleg å innføre utvida bandtvang i utmark der bufe beiter. Fyresdal kommune har aktiv beitebruk i utmarka, og ein meiner det er riktig å utvide perioden for bandtvang til alle beitedyr normalt vil være tatt inn frå utmarksbeite. Dette for å unngå situasjonar der lause hundar kan skade beitedyr. Bandtvang skal ikkje gå lengre enn naudsynt, og ein må difor avgrense dette til den tida beitedyr er i fjellet. I samråd med grannekommunar og beitelag i kommunen meiner ein 10. oktober er ein grei dato for avslutting av utvida bandtvang. Bandtvang når bufe beitar i fjellet er i trå med motteke innspel.

Beitedyr på innmark

For mange kan det virke unødig å ha bandtvang på og ved innmarksbeite. Mange gjerdar med elektrisk trå, som er lett for hunden å passere. Fleire nyttar i dag elektronisk gjerdeteknologi, der fysiske gjerder ikkje vert bruka, då er det ingen fysiske hinder hunden må passere for å nå beitedyra. I samråd med grannekommunar og motteke innspel ser ein det som rimeleg å ha utvida bandtvang på innmark der bufe beitar fram til 01. november. Også dette er i trå med motteke innspel.

Bandtvang på og ved turstiar

Fyresdal har mange turstiar inn i beiteområda, både i regi av Den Norske Turistforening (DNT), og etter initiativ frå Fyresdal kommune (toppturar). Der slike turveggar går inn i beiteområda, vil det, om ein innfører utvida bandtvang i utmark der beitedyr beiter, vere absolutt bandtvang om ein t.d. går på DNT's løypenett på Vestheiane. Ein meiner utvida bandtvang i beiteområde fangar opp utfordringane med lause hundar langs turstiane i utmarka, og at eit eige punkt med bandtvang langs turveggar vil vere to sidaer av same sak.

Bandtvang i skiløyper

Frå tid til ana kjem det inn klager på hundar som spring lause i skiløypene, det vere seg i skiløypene på Veum, Skvattedammen, Våmur, Birtedalen etc. Ein tenkjer likevel at dette er eit marginalt problem, folk flest har hunden i band, og nyttar hunden til å trekke. Ein ynskjer ikkje i denne omgang å innføre bandtvang i skiløypene i Fyresdal, her kan ein heller ved skilting/informasjon oppmode folk om å ha hunden i band.

Unntak frå forskrifta

Unntaka i forskrifta ivaretek dei ulike interessene på en god måte. Som for ordinær bandtvangstid (01.04. – 20.08.) er det gjort ei rekkje unntak for å imøtekome trening av hundar, arbeidande sau-gjetarar, tenestemenn etc. Unntaka gjeld (sitert frå lova);

- a. hund når den brukes i reindrift.
- b. dressert bufehund når den brukes til å vokte storfe, sau eller geit.
- c. hund i aktiv politi-, toll-, militær-, og redningstjeneste eller under trening eller prøving for slik tjeneste.
- d. hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såret eller sykt vilt.
- e. Særlige bruksformål, avgrensede områder eller nærmere angitte hunderaser eller hundetyper eller for hunder som har særskilt trening, når dette er fastsatt av kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak.

- f. Hund når den brukes til jakt, jakthundtrening og jaktprøver mellom 20. august og 1. april, eller ***når bandtvang er fastsatt i medhold av § 6 annet ledd bokstaverne c, d og e.***
- g. førerhunder i aktiv tjeneste eller under trening eller prøving for slik tjeneste

Som ein ser av unntaksreglane kan ein jakthund, med løyve frå grunneigar, trenast etter 20.08, uavhengig av om kommunen har innført utvida bandtvang eller ikkje. Kommunen kan ikkje unngå unntaksreglane i §9 i hundelova.

Forslag til forskrift om hundehald i Fyresdal er forma slik:

Fastsett av kommunestyre xx.xxx2025 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehold (hundelova) § 6 og § 11.

§ 1. Verkeområde og definisjon

Denne forskrift omfattar hundehald i Fyresdal kommune. Forskrifta er eit supplement til lov 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehold (hundelova), og må sjåast i samanheng med denne. Med bandtvang meinast at hundehaldar skal halde hunden fysisk i band eller forsvarleg inngjerda eller avstengt.

§ 2. Om bandtvang

Hundar skal haldast i band og under forsvarleg oppsyn:

- a. I kommunens friluftsområde; Klokkarhamaren og Prestestronda
- b. I utmark der bufe beiter fram til 10. oktober.
- c. På inngjerda mark der bufe beiter fram til 01. novemer.

Unntak er dei tilhøve som er nemnde i hundelova § 9 Unntak frå sikringsregelen.

§ 3. Om ekstraordinær bandtvang

Myndigheit til å utforme forskrift om ekstraordinær bandtvang ligg til kommunedirektøren.

§ 4. Straff

Brot på denne forskrifta kan straffast etter § 28 i hundelova.

§ 5. Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft frå kunngjeringsdato i Norsk Lovtidend.

Konklusjon:

Hundelova opnar for at kommunen kan gje forskrift om utvida bandtvang på ei rekke punkter. Samstundes er lova klar på at bandtvang etter bokstav c og d kan ikkje fastsetjast i større grad enn naudsynt og slik at omsynet til dei som ynskjer å ferdast med laus hund også ivaretakast i tilstrekkeleg grad. Bandtvang etter andre ledd bokstav e og f kan bare innførast i dei område av kommunen der husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, eller der vilt ein ynskjer å beskytte har sitt leveområde.

Fyresdal kommune har til hensikt å innføre absolutt bandtvang året rundt i friluftsområda, som per i dag er Klokkehamaren (Hamaren Aktivitetspark) og Prestestronda. I tillegg er det kome innspel om bandtvang i inn- og utmark der husdyr beiter. Ved å innføre utvida bandtvang vil ein truleg senke konfliktnivået mellom hund og beitenæring vesentleg, og på den måten lette tilhøva for beitenæringa. Sjølv om ein skal ha kontroll på hunden også utanfor den nasjonale tida for bandtvang, er det alt for mange som ikkje har kontroll på hunden når ein kjem opp i ein uventa situasjon, det vere seg med andre hundar, beitedyr, eller om ein treffer dyr eller fuglar i utmarka.

Ei innføring av utvida bandtvang i trå med forslaget vil gje grunneigar eller andre involvera større moglegheit til å informere om bandtvang, og korrigere uynskt opptreden blant hundeeigarar. Samstundes vil det gje trygghet for dei som ferdast i friluftsområda, og som kanskje er litt engstelege for å møte hund når dei sjølve er på tur, med eller utan hund.

Forslag til forskrift om hundehald i Fyresdal må, om utvalet ynskjer slik forskrift, sendast på høyring hjå aktuelle innstansar, før endeleg vedtak i kommunestyret.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forslag til forskrift om hundehald i Fyresdal kommune sendast på høyring til relevante instansar slik den ligg føre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef